

REGLEMENT FOR GRENDEUTVALA

Grendeutvala er kommunedelnemnder etter § 12 i kommunelova - underlagt kommunestyret.

§ 1. Val og samansetjing.

Det er eit grendeutval i kvar skulekrins. Grendeutvala heiter:

Øvre Suldal grendeutval, Vinjar grendeutval, Sand grendeutval, Erfjord grendeutval, Jelsa grendeutval, Hylsfjorden grendeutval og Ropeidhalvøya grendeutval.

Grendeutvala har 5 medlemmer med varamedlemmer, valde av kommunestyret for kommunevalperioden.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Dersom eit medlem fell frå eller blir løyst endeleg frå vervet, vel kommunestyret nytt medlem. Er utvalet samansett etter reglane om høvetalsval, skal det supplerast frå den gruppa som står bak den som går ut. Dersom leiaren fell frå eller blir løyst frå vervet, vel kommunestyret ny leiar jamvel om det er valt nestleiar.

Valbare til grendautvalet er alle som i løpet av valåret blir 18 år og er heimehøyrande i skulekrinsen.

Kommunestyret vel og ei valnemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem for kvart grendeutval.

I grendeutvala skal begge kjønn vera representerte i samsvar med reglane i kommunelova.

Ein bør så langt som råd er, syta for god aldersmessig fordeling.

§ 2. Ansvarsområde.

Grendeutvala skal arbeida for auka engasjement i krinsen, og for å fremja krinsen sine interesser gjennom samarbeid innan krinsen og med andre offentlege og private organ. Dette samarbeidet med andre offentlege og private organ skal skje på ein måte som ikkje strir mot interessene til andre grendeutval eller mot kommunen sine interesser som samla eining.

Grendeutvala har såleis tildelt ansvar for:

- Oppgåver knytt til fordeling av kulturmidlar
- Kommunale fellesarrangement i grenda.
- Naudsynt samordning og samarbeid med andre offentlege og private organ/personar innan ansvarsområdet.

Arbeidet skal vera i tråd med overordna kommunale planar og retningslinjer.

§ 3. Saker der utvala har avgjerdsrett.

Grendeutvala gjer vedtak innafør den ramma og dei retningslinene som er vedtatt av kommunestyret/formannskapet, mellom anna:

- Forvalta pengeløyvingar innafør rammene og føresetnadene for budsjettet.

§ 4. Saker der utvala har uttalerett.

- Plansaker i grenda.
- Større plansaker som blir lagt ut til offentleg ettersyn, sjølv om desse ikkje er i grenda men som påverkar heile kommunen. Kan også gjelda større byggeprosjekt.
- Saker som omhandlar felles infrastruktur og kommunikasjon. t.d. samferdsel og breibandutbygging.
- Byggesaker i grenda med større/vesentlege avvik frå plan.
- Saker vedk. off. bygg og/eller anlegg i grenda.
- Saker vedk. etablering av ulike kommunale servicetilbod i grenda.
- Handlingsprogram og budsjett for det som gjeld grenda.

Grendeutvala kan elles ta opp og uttala seg i saker som kan få følgjer for grenda.

Grendeutvala skal ha tilbakemelding frå vedkommande kommunale organ som uttalen er gitt til.

§ 5. Mindretalsanke.

I saker der grendeutvalet har fått delegert avgjerdsrett frå kommunestyret eller formannskapet, kan 2 medlemmer eller ordføraren før møtet er slutt krevja at saka blir lagt fram for formannskapet.

§ 6. Møte.

Leiaren kallar grendeutvalet saman til møte i samsvar med vedteken møteplan, når leiaren meiner det er turvande, når minst to av medlemmene krev det eller når kommunestyre/formannskap krev det.

Medlemmene bør kallast inn med minst ei veker varsel. Med innkallinga skal det følgje saksliste.

Innkalling og saksliste skal sendast postmottak i kommunen og gjerast kjent i Suldalsposten og på kommunen si heimeside.

Møta i utvala bør haldast på kveldstid, og skal vera opne for publikum unntatt ved handsaming av saker som krev lukka møte (Jf. k.lov § 31).

Utvala er vedtaksføre når minst tre av medlemmene er til stades.

Ved likt røystetal gir røysta til leiaren utslaget.

Det skal førast referat frå møta. Referatet skal så snart som råd sendast medlemmene i utvalet samt kommunen sitt postmottak for arkivering.

Kommunestyremedlemmene og rådmannen skal ha kopi av referata frå alle møta i grendeutvala. Dette vert ordna frå servicetorget.

Ordfører og rådmann har høve til å møta på alle møte med talerett, men ikkje røysterett. Dei kan kvar for seg gi andre fullmakt til å møta for seg.

Kommunestyremedlemmer i krinsen har rett til å delta på møta med talerett, men ikkje røysterett.

Når grendeutvala finn det naudsynt, kan det kallast inn til allmøte i krinsen.

Reglane om ugildskap i § 40 i kommunelova gjeld og for grendeutvala.

Elles gjeld §§4-12 i reglementet for kommunestyret tilsvarande.

§ 7. Sekretariat.

Eitt av utvalsmedlemmene har sekretariatsfunksjonen for grendeutvalet og utfører denne under leing av utvalsleiaren. Sekretariatsfunksjonen kan gå på omgang blant utvalsmedlemmene om det er ynskjeleg.

Den grendeutvalet har valt til sekretær skriv referat fråmøtet i utvalet, jfr. elles §13 om føring av møtebok i reglementet for kommunestyret.

§8 Godtgjering

Medlemmene i grendeutvala skal ha godtgjering etter dei føresegner som gjeld til eikvar tid.

Vedteke av Suldal kommunestyre i møte 19.03.2013 sak 18/13.